



Grethe Sæle
Lønborglien 178
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11312 - 20/37132

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2020

Løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn - Minireinseanlegg - gbnr
353/12 Brattshaug

Administrativt vedtak: Saknr: 628/20
Byggestad: Gbnr: 353/12
Tiltakshavar: Grethe Sæle
Ansvarleg søkjar: Kvalheim Vvs AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 353/12 Brattshaug på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forureining, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.

7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
8. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 353/12 Brattshaug. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP før utsleppet vert ført vidare til infiltrasjonsanlegg. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.06.2020 og supplert 28.06.2020.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 28.06.2020.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP. Anlegget er godkjend etter [NS-EN 12566-3]. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med moglegeheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til infiltrasjonsanlegg.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 20/11080.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege

føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd.

Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga.

Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11312

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Grethe Sæle
Kvalheim Vvs AS

Lønborglien 178 5039
Manger Senter 5936

BERGEN
MANGER